

# Trassa frykta og fekk seg jobb

Skriven 28.08.2020 under Nyheiter

Stine Bortheim (24) var veldig nervøs før ho deltok på digital jobbmesse i juni. Ho hoppa likevel i det, og angrar ikkje – for der møtte ho nemleg sin noverande arbeidsgjevar.

– Det var skikkeleg skummelt i forkant. For meg var konseptet heilt nytt, ukjent og skremmande. Det var tusen tankar. Kva skulle eg snakke om, liksom?

## I panikkmodus

Bortheim fekk invitasjon til Framtidsfylket si digitale jobbmesse på Facebook, og konkluderte fort med at dette måtte ho delta på.

– Eg var eigentleg i panikkmodus heile den sommaren fordi eg stod utan jobb. Dessverre fekk eg ikkje delteke på Framtidsfylket si karrieremesse i Bergen i februar, og tenkte at her kan eg ikkje sitte på gjerdet. Eg må faktisk vere aktiv sjølv.

*Vil du delta på Framtidsfylkets digitale jobbmesse 1. oktober? Her kan du melde seg på som besøkande. Her finn du informasjon for bedrifter.*

## Ut av komfortsona

Tanken på videointervju var det som skremde 24-åringen mest. Det er valfritt å booke videomøte, men for hennar del var det ikkje eit alternativ å la vere.

– Når ein først skal delta på ei digital jobbmesse er ein jo der for å vise fram seg sjølv. Det må ein berre køyre på. Og det gjekk veldig bra! I løpet av messa hadde eg tre heile videointervju.

Og det lønna seg, for det eine gav full klaff.

– Eg hadde høyrt mykje bra om Intin og tenkte eg kunne booke eit videomøte med dei sidan eg allereie var på messa. I tillegg hadde eg nyleg fått tips om at dei hadde ei ledig traineestilling innan marknadsføring og sal, noko eg fann svært interessant. Så eg prata ganske lenge med Hugo Mølmesdal, som er dagleg leiar i Intin, og saman fann vi ut at traineestillinga var midt i blinken for meg og mi utdanning.

Denne nettstaden brukar informasjonskapslar. Ved å fortsette å bruke nettstaden seier du deg einig i vår bruk av informasjonskapslar. OK

I håp om å få jobb i Sunnfjord sa ho opp deltidsstillinga si i Telia i Bergen, heilt uvitande om korleis framtida såg ut.

– Det kjentes risikabelt å seie opp ein trygg jobb, men eg var fast bestemt på å flytte heimover.

På veg inn i lokalet, på hennar aller siste arbeidsdag, ringte telefonen.

– Hugo frå Intin ringte og tilbydde meg jobb! Det var heilt perfekt.



På rett stad: Stine Bortheim ville svært gjerne jobbe på Peak Sunnfjord om du skulle flytte til Førde. Flaks for ho at Intin er blant bedriftene som har kontor i det spennande klyngelandskapet.

## Første arbeidsdag

I starten av august starta ho i traineestillinga innan marknadsføring og sal. Ein draumejobb, ifølge ho sjølv.

– Her får eg brukt utdanninga mi, og eg har verkeleg vert kasta ut i det. Hugo sa for nokre dagar sidan at «ein hoppar i elva og så må ein lære å svømme», og det er akkurat slik eg vil skildre dei første vekene her. Og det er så positivt og kjekt. No har eg snart vore her ein månad, og eg har allereie gjort så mykje at det kjennes ut som eg har vore her mykje lengre.

## «Berre gjer det!»

I oktober skal Framtidsfylket arrangere ei ny digital jobbmesse og Bortheim oppmodar alle om å melde seg på.

– Berre gjer det! Når ein er i ein jobbsøkarprosess må ein gjere ting som er litt ukomfortabelt, men ein kjem som regel godt ut av det. Det er ein god eigenskap å kunne pushe seg sjølv. Dessutan er det berre menneske ein snakkar med, og dei er som regel hyggelege. Eg har i alle fall god erfaring frå messa. Eg fekk jobben og det var målet, seier ho, med eit stort glis.

Neste Framtidsfylket digitale jobbmesse er 1. oktober klokka 12 – 15.
Her kan du melde deg på allereie no.

Gira på jobb i Vestland? Sjekk ut ledige stillingar her!

Denne nettstaden brukar informasjonskapslar. Ved å fortsette å bruke nettstaden seier du deg einig i vår bruk av informasjonskapslar. OK

[Førsteamanuensis / førstelektor innan sjukepleie ved fagseksjon for bachelor i sjukepleie]

[Førstekonsulent Servicetorget]

[Prosjektstilling hydrogen]

[Forskarar innan klimaomstilling]

[Rådgjevar/førstekonsultent miljøvern]

[Sjå fleire ledige stillingar]

## Hald deg oppdatert

E-postadresse

Meld på nyheitsbrev

## Karriereprat



[Karriereprat: Renate var innom både treningsbransjen og rekrutteringsyrket før ho fann draumejobben]



[Karriereprat: Eg blir i byggebransjen!]



[Karriereprat: Flytta til Florø for å få nytt perspektiv]



[Karriereprat: Lever ut draumen: Å bu i Solund]

Denne nettstaden brukar informasjonskapslar. Ved å fortsette å bruke nettstaden seier du deg einig i vår bruk av informasjonskapslar. OK



Karrierreprat: Kva meir kan ein ønske seg?

Sjå fleire blogginnlegg

Framtidsfylket
Karriere i Vestland

siva partnar

## Postadresse

PEAK Sunnfjord
Hafstadvegen 25
6800 Førde
**Org. Nr:** 992 403 896

## Framtidsfylket

Om oss
Tenester vi tilbyr

## Følg oss

- Facebook
- Twitter
- Instagram
- Linkedin

Denne nettstaden brukar informasjonskapslar. Ved å fortsette å bruke nettstaden seier du deg einig i vår bruk av informasjonskapslar. OK